

Til  
Naboane til Bøgardsvika Gravplass

Fedje, 03. mars 2022

## **P21020 UTVIDING AV BØGARDSVIKA GRAVPLASS –NABOVARSEL**

Fedje kommune planlegg å utvide den eksisterande gravplassen, og har engasjert ARTEC as til å stå føre planarbeidet, i samsvar med gjeldande reguleringsplan, og i samsvar med godkjenning frå Statsforvaltaren.

Bøgardsvika gravplass skal bli utvida mot nord med eit nytt kistegravfelt, eit urnefelt og ein namna minnelund. Eksisterande gravfelt E skal fyllast opp med jord slik at gravene der får tilstrekkeleg med jordoverdekning i samsvar med gravplassforskrifta § 13. Eksisterande steinmur mot nord skal bli fjerna, og ny steinmur etablert rundt utvidinga. I aust skal ein fjerne granskogen som ligg mellom gravplassen og sjøen, og tilbakeføre område til slik det var tidlegare. Ein eksisterande gangveg vil bli forlenga og gå mellom gravfelt E og nytt gravfelt F.

### **Gravfelt E**

Som følge av at grunnen på gravfelt E har sokke med åra, er det nå planen om å fylt på med jord, slik som vist på teikning *Tverrprofil akse F/1-9*, for å få tilstrekkeleg jordoverdekning over kistene. Gravminna vil bli mellombels fjerna og sat tilbake på same plass etter jordpåfyllinga. Det vil ikkje bli gjort endringar i gravkartet.

### **Gravfelt F og G**

Gravfelt F og G vil innehalde 94 kistegraver på 3 x 1,5 m og 40 urnegraver på 1,5 x 1,5m.

Det vil bli noko utsprenging, og deretter bli tilført nye eigna jordmassar for nedbryting, slik at det kan leggest til rette for gjenbruk av graver.

Under gravfelta vil det bli lagt eit drenerande lag med steinmassar. Drenering er vidare varetatt gjennom fall i terrenget og to drencrøyr under gangvegen og langs muren i aust.

### **Namna minnelund**

Aust på utvidinga, er det planlagt ein namna minnelund bestående av ein gruslagt plass med minnesmerke og benkar. Framfor minnesmerket vil det vera eit hellelagt areal. Framfor minnesmerket kan besøkande sette blomar og lys i ein løysning

#### **ARTEC AS**

Damsgårdsveien 135

5160 Laksevåg

T: 55207850

E: [post@artec.no](mailto:post@artec.no)

[www.artec.no](http://www.artec.no)

Org nr. 841 756 142

Dei tilhøyrande urnegravfelta, gravfelt H1 og H2, vil ligge like nord for minnelunden. Dei vil kvar innehalde 18 urnegraver på 0,5 x 0,5 m. Til saman vil minnelunden ha 36 plassar. Nøyaktig storleik og utforming av namneskilta er ikkje bestemt ennå,

**Felling av tre**

I samband med utvidinga skal det bli felt eit område med grantre i aust, mellom den eksisterande gravplassen og sjøen. Dette er for å tilbakeføre området til slik det såg ut tidlegare, til den gang det nesten ikkje var tre på Fedje. Planen er å holde vegetasjonen nede framover, slik at det blir betre samband mellom gravplassen og sjøen.

**Merknader?**

Evt merknader til planane blir å sende til ARTEC as v/underteikna innan fristen som er sett på skjemaet. Ta gjerne kontakt dersom spørsmål, enten til underteikna (92043532), eller alternativt til Siri Dalheim (95807783)

Etter fristen som er sett for evt merknader vil ein sende inn formell søknad om rammeløyve etter plan- og bygningslova.

Med helsing  
For ARTEC AS

Rune Tangen  
M: 92043532 | epost@artec.no